

# Årsmelding 2022



SOGN REGIONRÅD

## Innhald

<b>1</b>	<b>Sogn regionråd</b> .....	<b>3</b>
1.1	Møte og deltaking .....	3
1.2	Rekneskap – økonomiske resultat.....	3
<b>2</b>	<b>Aktivitetar i 2022</b> .....	<b>4</b>
2.1	Attraktiv buregion .....	4
	Rekruttering og profilering.....	5
2.2	Kompetanse.....	6
	Regionalt barnehage- og skulesamarbeid .....	6
	Fagkompetanse til verksemdene .....	7
	Kompetanseutvikling i arbeidslivet .....	7
	Fleire lære plassar i Sogn .....	8
	Desentralisert sjukepleiarutdanning .....	8
2.3	Næringsutvikling.....	8
2.4	Samferdsle.....	9
2.5	Fellesordningar i Sogn regionråd.....	10
	Kommunenett .....	10
	Geografisk informasjonssystem (GIS) .....	10
2.6	Samhandlingsarenaer.....	11
2.7	Samarbeidsfora i Sogn regionråd .....	12
	Rådmannsgruppa .....	12
	Regionale nettverk .....	12
2.8	Samarbeid i fylket.....	13
2.9	Orienteringar og gjesteforedrag.....	13
2.10	Rapportar .....	14
2.11	Fråsegner.....	14
2.12	Omdanning av regionrådet .....	14
<b>3</b>	<b>Rekneskap</b> .....	<b>15</b>
3.1	Rekneskapsversikt .....	15
3.2	Bruk av fond .....	16

# 1 Sogn regionråd

## 1.1 Møte og deltaking

Sogn regionråd er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27<sup>1</sup>. Medlemskommunane er Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Ordførarane i kommunane er faste medlemmar i regionrådet. Rådet si samansetjing er slik:

Årdal kommune, Hilmar Høl (leiar)  
Aurland kommune, Trygve Skjerdal  
Høyanger kommune, Petter Sortland  
Luster kommune, Ivar Kvalen  
Lærdal kommune, Audun Mo  
Sogndal kommune, Arnstein Menes  
Vik kommune, Roy Egil Stadheim

Sogn regionråd hadde 7 møte:

28. januar, Årdal  
25. mars, Vik  
26. april, Luster  
10. juni, Lærdal  
9. september, Sogndal  
28. oktober, Aurland  
9. desember, Høyanger

Rådet handsama 24 saker i løpet av året.

Sogn regionråd har eige sekretariat. Dagleg leiar er Karina Nerland.

Rådet har etablert ei arbeidsgruppe, samferdslegruppa, som førebur saker til rådet og arbeider for å påverka avgjerdstakar innanfor sitt område, jf retningslinjene.

## 1.2 Rekneskap – økonomiske resultat

Rekneskapen for 2022 vert revidert som ein del av rekneskapen i Sogndal kommune.

Sogn regionråd fekk totalt tilført inntekter på kr 9 948 992. Av dette utgjer eksterne midlar kr 3 387 904 og refusjon frå kommunane kr 6 111 926, inkludert kr 5 435 000 i kontigentmidlar.

Det er brukt kr 1 546 488 av bundne fond, medan ubrukte midlar kr 2 794 611 er avsett til fond. Avsetting til bundne fond inkluderer renter på fond kr 201 504. Positivt netto driftsresultat er kr 1 046 664. Meirverdiavgiftskompensasjonen utgjer kr 359 162.

Detaljar i rekneskapen og gjennomgang av bruken av fondsmidlar går fram av punkt 3 i årsmeldinga.

---

<sup>1</sup> Rådet blir omdanna i samsvar med ny kommunelov

## 2 Aktivitetar i 2022

Sogn regionråd har nedfelt mål og strategiar for det regionale arbeidet i "Regionalplan for Sogn 2021-2024".

Målet er: Vi skal vera ein pådrivar for å gjere Sogn attraktiv for innbyggjarar, næringsliv og besøkande.

Sogn regionråd har fire tema i planen: Attraktiv buregion, kompetanse, næringsutvikling og samferdsle.

### 2.1 Attraktiv buregion

#### Integrering og inkludering

Gjennom prosjektet *Sogn for alle* ønsker vi å bli betre på å nytte innvandrarak som ressurs i næringslivet og lokalsamfunnet. Vi skal bli betre på å samarbeide på tvers av offentleg, privat og frivillig sektor og vi skal arbeida meir heilskapleg. Målet med prosjektet er å sikra verdiskaping og vekst gjennom auka sysselsetjing og bulyst blant innvandrarak. Prosjektet går over fire år. Jeanette Walsvik er prosjektleiar i full stilling.

Prosjektet har fått mykje merksemd for å kombinere tilflyttingsarbeid og inkludering-/integreringsarbeid i ein regional kontekst og har vore presentert på ulike arena som til dømes Erasmus REGALE og workshop med Bergen Opportunity, begge i regi av fylkeskommunen. Vidare har prosjektleiar vore i alle kommunar i regionen og presentert prosjektet for politikarak, administrasjonar og næringsliv. Prosjektet har også fått god medieomtale.

#### Aktivitetar i delprojekta

Det er etablert fire delprosjekt med tilhøyrande arbeidsgrupper som har hatt følgjande aktivitetar:

##### **Arbeid**

Mentorprogram: Samlingsbasert program for tilsette og leiarar i private og offentlege verksemdar. Vi ønskjer å styrke arbeidsinkluderinga ved utvikling av naturleg støtte på arbeidsplassen. Målet er å auke arbeidsdeltakinga for arbeidsinnvandrarak og flyktningar. Resultata er ikkje målbare, men vi ser positive effekt på auka fokus og motivasjon hjå arbeidsgjevar og at dei har teke initiativ til samarbeid om kvalifisering og andre inkluderingsprosjekt. Fire bedrifter og 12 deltakarak var med i første program som vart gjennomført 2020-2021. Elleve bedrifter og 20 deltakarak var med i andre program som vart gjennomført i 2022. Fem bedrifter og 21 deltakarak er med i tredje program som starta haust 2022 og avsluttast 2023.

Etableraropplæring Spire: Skreddarsydd program med 1-til-1 rettleiing og fellessamlingar. Det er eit ståande tilbod i samarbeid med Sogn næring.

Oppstart av bedriftsnettverk: Bedriftene deler gode praksis. Målet er å finne gode måtar å rekruttera innvandrarak i bransjar med arbeidskraftbehov. Deltakarbedriftene søker Innovasjon Norge om tilskot og ein av bedriftene leiar nettverket. Styringsgruppe og handlingsplan er på plass.

##### **Bustad**

Vi har jobba med erfaringsutveksling mellom kommunane og innspel til bustadutvikling. Vi har sett på mogleg samarbeid på tvers av kommunane med tanke på busetjing og fordeling av flyktningar ilag med det regionale nettverket for flyktningtenestene.

### **Språk og utdanning**

Sognalooop: 3 loopar i 3 kommunar er gjennomført. Innvandrarkvinner får språkopplæring i kombinasjon med arbeid. Tiltaket har høg måloppnåing med overgang til jobb eller utdanning for alle deltakarane. Dei som har starta med vidaregåande utdanning er i Gloppenmodellen. Verksemdene tek initiativ til vidare samarbeid. Dei ønskjer å bidra til betre inkludering av innvandrarar i arbeidslivet samstundes som dei ser ein utvikling i korleis dei jobbar med mangfald i bedriften. Vi samarbeider med NAV region Sogn om aktuelle deltakarar til Gloppenmodellen, restaurant og matfag.

### **Familie og fritid**

Foreldrerettleiing minoritetsspråklege: Etablering av fagnettverk for felles opplæring og fagleg samarbeid for kommunalt tilsette.

### **Arrangement**

Ein kveld med frivilligheita: 2. mai samla vi heile frivilligheita i Sogn. 2022 var frivilligheitas år. Dei 60 oppmøtte representerte alt frå musikklag, bygdekvinnelag, Røde Kors til idretten, frivilligsentralar og kommunale einingar som jobbar med integrering. Distriktssenteret, Norges Bygdekvinnelag, Norges fotballforbund, Sogndal Bygdekvinnelag og Sogndal Røde Kors innleia. Det skjer mykje bra i lokalsamfunna, men det er eit stort potensiale for auka involvering av frivilligheita i inkluderingsarbeidet.

Sogn for alle-konferansen: 3. mai var ein fullspekka dag med spennande innleiingar frå Vestland fylkeskommune, vår eigen prosjektleiar, Distriktssenteret, Erlend Fardal Lunde, NTP, Norges bygdekvinnelag, Amjad Hanna og Simone Stibbe. Sogn for alle synte ein film om faktorane som gjer at folk blir verande.

### **Prosjektstruktur**

Prosjektet har ein struktur som sikrar brei involvering og forankring: Styringsgruppa har deltakarar frå frivilligheita, næringsliv, fylkeskommune (næring og rektor vidaregåande skule), den kommunale flyktningtenesta og NAV. Det har vore fire møte.

Arbeidsgruppene for kvart delprosjekt er breitt samansett med representantar for kommunane, NAV, fylkeskommunen og andre relevante aktørar som t.d. næringsliv, innvandrarråd og frivilligheita, og er leia av ein frå styringsgruppa. Arbeidsgruppene har jamlege møte som prosjektleiar koordinerer.

Kvar kommune har ein kontaktperson inn mot prosjektet som prosjektleiar samarbeider med. Målet er å styrke utviklingskapasiteten i kommunane innanfor feltet tilflytting, mangfald og inkludering.

### **Eksterne midlar**

Prosjektleiing er finansiert gjennom løyving frå fylkeskommunen; kr 0,4 mill første prosjektår og kr 1,5 mill fordelt på dei tre neste prosjektåra. I tillegg kjem midlar frå kommunane og regionrådet. Imdi gav tilskot med kr 1,2 mill til Sognalooop. Vestland fylkeskommune løyvde i 2022 kr 180 000 til mentorprogrammet. Etableraropplæringa er finansiert av midlar frå fylkeskommunen og kommunane.

## **Rekruttering og profilering**

### **Karrieremesse**

Framtidsfylket arrangerte karrieremesse i Bergen og kommunane i Sogn deltok med regionstand. Messa gir kommunane høve til å profilera regionen og breidda i arbeidsmarknaden. Rådet finansierer fellesutgifter til stand og profileringsmateriell. Administrasjonen koordinerer arbeidet. Ei arbeidsgruppe i HR-/personalnettverket er med i førebuingane og deltek på messene ilag med kommunale leiarar.

### **Merkevare og profilering**

Private og offentlege verksemdar ønskjer å styrke den regionale profilen og gjere Sogn kjent som attraktiv region. Næringsnettverket tok for ei tid tilbake initiativ til eit fellesprosjekt om felles merkevare og profil. Prosjektleiing ligg til Sogndal kommune. Prosjektet fekk tilsagn om midlar frå fylkeskommunen i 2019. Prosjektrapport er ikkje ferdigstilt.

## **2.2 Kompetanse**

### **Regionalt barnehage- og skulesamarbeid**

*System for styrka læring* er kommunane i Sogn regionråd sitt regionale utviklingsprogram, med historikk tilbake til 2006. Ny programperiode er 2022-2030. Målet er livsmeistring gjennom styrka tilpassa og inkluderande opplæring for alle. Ingrid Steine Bortne tok til som programleiar i full stilling frå 1.mars.

### **Fagnettverk**

Vi arbeidar i nettverk, både for barnehagane, grunnskulane, vidaregåande skule og vaksenopplæring. Særleg nettverka for barnehagane er nyetablerte, med heilt ny organisering. Nettverka er tufta på gjensidig forplikting og handlar om å dela, bruka og skapa ny kunnskap. Vi samarbeider med ulike fagmiljø som Høgskulen på Vestlandet (HVL), Statped, Ungt Entreprenørskap, ViteMeir, Sogn opplæringskontor og ulike senter for å sikre det faglege innhaldet i arbeidet. Dei fleste nettverka er fysiske, men nokre mindre nettverk har vore digitale også i 2022. Erfaringar frå pandemien har synt at dette kan fungere godt i nokre samanhengar. Nokre samlingar har vorte avlyst eller utsett grunna få påmeldte og pandemi. Vi har arrangert 16 fagnettverk fordelt på 26 samlingar i 2022. Til saman har nettverka samla 527 deltakarar. Tema har mellom anna vore ulike fagfelt og metodar, eksamen, vurdering, vaksenrolla, digitale verktøy, rekruttering, tverrfagleg samarbeid, tidleg innsats, oppvekstreform, fullføringsreform og dei fire prioriterte fagområda i den nye programplanen vår. Vi evaluerer samlingane fortløpande via QR-kode som deltakarane svarar på. Det er høg skåre på evalueringane og mange gode innspel til vidare arbeid.

### **Leiarsamling og samarbeid mellom kompetanseregion Sogn og einingane**

Den regionale leiarsamlinga for barnehagestyrarar, rektorar for grunnskule, vidaregåande skule og vaksenopplæring, PPT-leiarar og kompetanseregion Sogn samla 68 leiarar. Høgskulen på Vestlandet deltok også. Samlinga over to dagar vart gjennomført i Skjolden i september og overordna tema var relasjonsleiing ved Jan Spurkeland. Det vart også tid til rektornettverk, styrarnettverk og møte i kompetanseregionen der fleire viktige tema var på agendaen.

Dette er eit viktig treffpunkt mellom kompetanseregion Sogn (kommunalsjefar og rådgjevarar) og einingane. Forankring av programplanen og den raude tråden i alt vi gjer er viktig. Samlinga var følgd opp med ei skriftleg evaluering som viste høg skåre, og som syner at felles fagsamlingar er av verdi for dei som driv arbeidet ute i einingane.

På vår felles heimeside [www.fagnettverkisogn.no](http://www.fagnettverkisogn.no) blir det fortløpande lagt ut invitasjonar og presentasjonar for både barnehagane og skulane. Dette er informasjon og dokument for å dele erfaringar og for å gjere det lettare å ta teoriar og nye idear i bruk i eigen barnehage og skule.

### **Entreprenørskapsmesse**

Etter avlyst messe i 2020 og digital gjennomføring i 2021 fekk vi endeleg samla nær 500 ungdommar til fysisk entreprenørskapsmesse i Luster 26. april. Grunna etterdønningar frå pandemien fekk me ikkje besøke lokale bedrifter, men vi fekk laga til ein flott film om næringslivet i Luster. Arrangementet var svært vellukka og fekk god omtale i media. Representantar frå Luster kommune, Ungt Entreprenørskap Vestland og Sogn regionråd danna arbeidsgruppa som stod for arrangementet saman med gode hjelparar.

## **Fagdagar og regionale planleggingsdagar**

Vi har arrangert to regionale planleggingsdagar og tre regionale fagdagar i 2022.

Til saman deltok 116 tilsette frå barnehage, skule og tverrfaglege samarbeidspartar på dei tre fagdagane. Fagdag psykisk helse i mars hadde tema «Folkehelse og livsmeistring som tverrfagleg tema» med Solrun Samnøy, HVL. Fagdagane spesialpedagogikk og inkluderande praksis i november og desember handla om førtilmeldingsfasen, skrive IOP/IUP og inkluderande barnehage og skule. Her var det tilsette ved HVL, PPT og barnehagar/skular som delte sine erfaringar kring spesialpedagogiske utfordringar.

Under den regionale planleggingsdagen for skulane 10. august fekk 429 tilsette i skulesektoren eit digitalt føredrag med Belinda Ekornås «Elevar som utfordrar oss – strategiar og tiltak i møte med barn og ungdom som strevar». Etter 2 timar føredrag jobba skulane med refleksjonsoppgåver på eigen eining.

Den regionale planleggingsdagen 4. november var delt i fire ulike samlingar:

- Digitalt føredrag med refleksjonsoppgåver einingsvis for tilsette i barnehagane. «Barn som utfordrar oss – kjenneteikn og tiltak» med Belinda Ekornås. 468 deltakarar
- Digitalt føredrag med refleksjonsoppgåver einingsvis for tilsette i barneskulane. «Når følelsane løper løpsk, korleis forstå kva som ligg bak uforståeleg åtferd» med Nadina Peters og Anita Juveli. 279 deltakarar
- Fysisk samling for tilsette i ungdomsskulane. Eksamensverkstad med 119 deltakarar
- Fysisk samling for tilsette i SFO. 93 deltakarar fekk oppleve Robert Mjelde Flatås med tema «Livsmeistring og medverknad i SFO»

Det har vore svært gode tilbakemeldingar på dei regionale planleggingsdagane og fagdagane.

## **Eksterne midlar**

Regionen mottok kr 356 297 frå Statsforvaltaren innan rekomp (regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage) som kan brukast til fellestiltak som til dømes kompetanseheving av barnehagepersonalet. Etter- og vidareutdanning av personalet skal prioriterast. Dette er 30 % av potten, dei andre 70 % går til utvalde barnehagar sitt utviklingsarbeid. Midlar knytt til dekom (desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen) går direkte til utvalde skular sitt utviklingsarbeid.

Statsforvaltaren i Vestland tildelte regionen kr 407 670 i støtteordninga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis». Midlane har blitt nytta til kompetanseheving kring sosiale og emosjonelle vanskar i nært samarbeid med UH-sektoren (HVL og Statped).

## **Fagkompetanse til verksemdene**

### **Kompetanseutvikling i arbeidslivet**

Sogn regionråd har som delmål i regionalplanen at Sogn skal ha eit attraktivt skule- og utdanningstilbod som styrkar samfunnsutviklinga og sikrar verksemdene sine behov. Kompetanseforum Vestland er overordna styringsorgan for arbeidet med kompetanseutvikling i arbeidslivet. Målet for arbeidet er å tette kompetansebehovet og at utdanningsinstitusjonane i større grad utviklar sine tilbod etter behova i arbeidslivet. Kompetanseforum Sogn skaffar kunnskap om kompetansebehov og innhentar analyser som grunnlag for innspel til dimensjonering av utdanningstilbodet i Sogn og til handlingsprogrammet for berekraftig verdiskaping. Forumet deler beste praksis og gode prosjekt for å løyse kompetansebehovet. Kompetanseforum Sogn har deltakarar frå utdanningsinstitusjonar, næringsliv og offentlege aktørar i regionen og blir drifta av Sogn regionråd.

Etter oppmoding frå Kompetanseforum Sogn søkte Sogn opplæringskontor på vegne av regionen midlar frå Vestland fylkeskommune til læreplassgaranti. Tilskotet vil gå til å auke interesse for yrkesfag og rekruttera fleire elevar til yrkesfag.

### **Fleire læreplassar i Sogn**

Partnerskapsavtale om fleire læreplassar er inngått mellom NHO Vestland, LO Vestland og Vestland fylkeskommune og Sogn regionråd ved kommunane. Formålet med avtalen er å samordne innsatsen slik at vi aukar tal læreplassar i Sogn og sikrar rekruttering av fagarbeidarkompetanse i arbeids- og næringsliv.

Partnarane delte erfaringar og vurderingar om utfordringar og moglege løysingar på temamøte i Kompetanseforum Sogn i november og gav innspel til ny avtale frå 2023. Sidan avtalen vart inngått første gong i 2016 har tal læreplassar auka i Sogn. Avtalen inneheld fleire samarbeidsområde og tiltak. Blant tiltaka er at kommunane bør ta inn 2,5 lærling pr tusen innbyggjar og kommunane bør setje temaet på dagsorden i møte med næringslivet.

### **Desentralisert sjukepleiarutdanning**

Sogn regionråd har sidan hausten 2019 arbeidd for at kommunalt tilsette i Sogn skal gjennomføre ei desentralisert deltidsutdanning innan sjukepleie. Hausten 2021 starta 10 tilsette frå Sogn på studiet. Kommunane har fått informasjon om deltidsutdanninga, tilsette sine kvalifiseringsbehov vart kartlagt og kontakten mot høgskulen sitt opptakskontor er fulgt opp frå prosjektleiar. Vi mottok kompetansetilskot frå Statsforvaltaren i 2022 til undervisninga kr 120 000, men støtteundervisning i norsk og matematikk vart løyst med nettskule og hospitering.

Arbeidet og ressursane som er lagt inn i vår region har gitt resultat, men vi ønskjer at enno fleire byrjar på deltidsstudiet. Regionrådet arbeider derfor for å få betre tilrettelegging av desentralisert sjukepleiarutdanning. Vi har henta inn evaluering frå studentane som byrja hausten 2021 og tilbakemeldinga er ønsket om meir samlingsbasert og nettbasert undervisning. Aktivitetane og dialogen med aktørane er gjennomført i samsvar med tidsplanen, men strekt seg over lenger tid enn planlagt. Arbeidet er finansiert av fornyingsmidlar som rådet fekk til arbeidet i slutten av 2021.

## **2.3 Næringsutvikling**

Formålet med forprosjekta innan næringsutvikling er å avklare korleis det skal arbeidast vidare innanfor dei satsingsområda som er nedfelt i regionalplanen 2021-2024. Rådet sette av midlar til arbeidet i starten av regionalplanperioden. Prosjektplanane for dei fire satsingsområda: reiseliv, teknologi og digitalisering, grøn næringsutvikling og offentlege arbeidsplassar vart utarbeidde i 2021.

For å sikre god forankring av arbeidet vart prosjektleiing og deltaking i styringsgruppene fordelt mellom kommunane. Prosjektleiing vart fordelt til Årdal utvikling for forprosjekta grøn næringsutvikling og teknologi og digitalisering og Sogn næring for forprosjekta reiseliv og offentlege arbeidsplassar. Næringslivet vart inviterte med i styringsgruppene.

### **Teknologi og digitalisering**

Kompetanse og evne til å ta i bruk ny teknologi blir viktig for næringslivet for å kunne oppretthalde konkurransekrafta og utnytte moglegheitsbildet framover. Tilrådinga frå forprosjektet er at Sogn regionråd ikkje set i gang eit hovudprosjekt innan teknologi og digitalisering, men at rådet kan støtta opp og bruka SITEP, som har eit kompetansemiljø og eit nettverk, til å løyse oppgåvene. Å få industri-



og teknologibedriftene til å finne kvarandre i eit tett samarbeid om utveksling og utvikling av ny teknologi vil styrke Sogn.

### **Grøn næringsutvikling**

Forprosjektet om grøn næringsutvikling, som starta våren og ferdig i oktober, viser at det er potensial for vekst i nye og eksisterande bedrifter som tek del i det grønne skiftet og at det finst mange samanfallande prosjekt innan grøn næringsutvikling i regionen. Det er behov for å synleggjere pågåande prosjekt, kompetanse og potensiale for samarbeid på tvers av bedrifter, kommunar og næringar i Sogn. Grøn region Vestland må vera «rettesnora» for det vidare arbeidet. Tilrådinga i rapporten er å ikkje setje i gang eit hovudprosjekt, men at ei ressursgruppe får ansvaret for å følgje opp aktivitetane i forprosjektrapporten.

### **Reiseliv**

Sogn regionråd bidreg til reisemålsutviklinga i Sogn. Masterplan for reiselivet i Sogn er det overordna styringsdokumentet for alt reisemålsutviklingsarbeidet i Sogn. Planen er utarbeidd av Visit Sognefjord på oppdrag frå Sogn regionråd. Arbeidet inneber ei kvalifisering for Innovasjon Norge sitt destinasjonsmerke for berekraftige reisemål. Planen er forankra med vedtak i kommunane, sist i 2021. Realisering av planen er avhengig av oppfølging frå kommunane, fylkeskommunen, næringa, verneområda, verdsarvparken og Visit Sognefjord.

Forprosjektet for regionalt reiseliv vart gjennomført i 2022 og er knytta til måla i regionalplanen for Sogn og masterplan for reisemålet. Forprosjektet kom med forslag til korleis ta masterplan og kriteria for berekraftig reisemål for Sogn frå ord til handling. Tilrådinga var å gjennomføre eit hovudprosjekt i inntil tre år med sikte på varig løysing.

### **Offentlege arbeidsplassar**

Dei statlege og fylkeskommunale arbeidsplassane er viktige for arbeidsmarknaden i heile regionen. Regionrådet har som strategiar å medverka til å styrka og vidareutvikla dei statlege og regionale offentlege arbeidsplassane i Sogn og skal byggja politisk og administrativ kunnskap og kapasitet til å drive påverknadsarbeid og strategiutvikling. Offentlege arbeidsplassar er eitt av fire innsatsområde som næringsnettverket gav innspel til regionrådet som aktuelt å samarbeide om. Forprosjektet vart starta opp på hausten.

## **2.4 Samferdsle**

Samferdsleplanen for Sogn regionråd 2020-2023 får fram kva løysingar som er prioriterte i regionen, og legg grunnlag for rådet sitt arbeid. Samferdslegruppa har med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlag drøfta og utarbeidd strategiar, som rådet har vedteke. Handlingsplanen blir rullert kvart år.

Samferdslegruppa har hatt 8 møte (digitale). Jan Øhlckers frå Vidsyn rådgivning AS er leigd inn som ekstern rådgjevar.

Handlingsplanen for 2022 vart vedteken i rådsmøte i januar. Dei viktigaste tiltaka er å følgje prosessen rundt regionale transportplan for Vestland, sikre Sogn sine felles interesser i investeringsprogrammet og førebu påverknadsarbeidet inn mot neste nasjonale og regionale transportplan.

Hovudtyngda av arbeidet har vore retta mot investeringsprogrammet for regional transportplan 2022-2033, skredfaktormodellen og oppgradering av Lærdalstunnelen.

Rådet sette i junimøte av midlar til ei prosjektstilling til påverknadsarbeidet innan samferdsle. Stillinga vart lyst ut to gonger, men vi lukkast ikkje med å rekruttera.

### **Regional transportplan 2022-2033**

Samferdslegruppa har følgd tett opp prosessane i hovudutval for samferdsle og mobilitet og i fylkesutvalet. Regional transportplan for Vestland (RTP) 2022 – 33 vart godkjent i fylkestinget i 2021 utan investeringsprogram, men med strategiar og handlingsplan. Rådet gav fråsegn til investeringsprogrammet i mars. Regionrådet prioriterer vedlikehald, tunelloppgradering, rassikring og betre regularitet av fjellovergangar framfor nye vegprosjekt og støttar arbeidet med løysingar som gir «meir veg for pengane». Fylkeskommunale prosjekt som alt er inne i planane er prioritert av regionrådet.

Prosjekt som fylkeskommunen vedtok løyvingar i investeringsbudsjettet er:

Fv 55 Høyheim-Nes i Luster - utbetringstiltak på strekninga (2024-2026)

Fv 55 Esefjordbrua i Sogndal – ferdigstille reguleringsplan med sikte på oppstart 2027-2033

Fv 55 Tronvik-Ulvåna i Høyanger – planlegging av strekningsvise utbetringstiltak

Fv 53 Steiggjetunnelen i Årdal (2023-2025)

Fv 53 Tunnelar i Årdal (2025-2026)

Fv 271 Sjukehusvegen i Lærdal (2025-2026)

I investeringsbudsjettet vart det sett av planleggingsmidlar til skredsikring av fv 5600 Arnafjorden.

### **Nasjonal transportplan 2022-2033:**

Sogn kjem særst dårleg ut i gjeldande NTP. Det vart ikkje løyvd midlar til dei tre prosjekta som rådet prioriterer: Rv. 13 Vikafjellstunnelen, tunnel Borlaug-Bjøberg på rv. 52 Hemsedal og E39 Bogstunnelen-Gaular grense (Storehaugen-Førde vart prioritert).

### **Rassikring**

Statens vegvesen utarbeidde framlegg til ny skredfaktormodell som gjekk til høyring til fylkeskommunane i november, og var tenkt som del av forarbeidet til neste NTP. Modellen slo svært uheldig ut for Sogn og regionrådet rådde frå bruk av modellen fordi den ikkje er brukbar i møte med regionale prioriteringar, skredkompetanse og opplevd skredfare/risikobilete. Målet var også at fylkeskommune skulle ta i bruk modellen.

### **Lærdalstunnelen**

Lærdalstunnelen må oppgraderast for å stette EU sine tunneldirektiv. Stortinget vedtok prosjektet våren 2021. Statens vegvesen lanserte hausten 2022 alternativet med eitt år heilstenging i staden for nattestenging. Statens vegvesen starta arbeidet med ein konsekvensanalyse på vinteren 2023. Regionrådet meiner det må utarbeidast ein KVU for å få fram samfunnsmessige konsekvensar, samfunnsøkonomi, kost/nytte, avbøtande tiltak, omkøyringsalternativ og konsekvensar for brukarane, lokalt, regionalt og nasjonalt.

## **2.5 Fellesordningar i Sogn regionråd**

### **Kommunenett**

Samarbeidsavtale om drift av kommunenett mellom kommunane og fylkeskommunen regulerer samarbeidet om IKT-tenester. Dei fleste kommunane har sagt opp avtalen. Kommunane Sogndal og Luster gjekk ut samarbeidet i 2022.

### **Geografisk informasjonssystem (GIS)**

Kommunane har felles GIS-løysing med programvare for oppdatering av kartdata og forvaltning av kommunale avgifter. I tillegg har kommunane felles kartløysing på web der kartdata er tilgjengeleg for

publikum. Kommunane har avtale med Norkart for applikasjonsdrift av GIS-løysing og KomTek. Sogn regionråd har avtale med SIMAS om å utføre GIS-tenester for selskapet.

Sogn regionråd har tilsett GIS-koordinator i full stilling. GIS-koordinator er Dariusz Hauderowicz som rapporterer fagleg til dagleg leiar. Rådmannsgruppa er styringsgruppe for GIS-arbeidet.

Vi har stabilt GIS- og KomTek-driftsmiljø hos Norkart. Det er installert ny GISLine 8.3 versjon. Årdal kommune begynte å bruke den nyleg installerte KomTek programvare. Aurland kommune har sendt 20.06.22 oppseiing av avtale med Norkart, men ynskjer å vere med i GIS-løysing med Sogn regionråd i 2023. Det er installert ny moderne løysning for forvaltning og innsyn i plandata arealplaner.no med geointegrasjon (kopling mot saks/arkiv system). Det er innført ny forenkla tilgang til webkart og arealplaner.no for kommunale brukarar /single sign-on med brukarforvaltning i Microsoft Ad Azure.

Kartdata i Sogneregionen:

- Kommunane jobba med hjortevaldkart og lokale DOK-data
- Vatn og avløp data er flytta til ny VA-server hos Norkart
- Kommunane jobba med nye kommuneplanar
- Kommunane jobba med kvalitetsheving av reguleringsplanar og planregister
- Kommunane jobba med prosjekt «Plan for friluftslivets ferdselsårer» som skal identifisere, ivareta og utvikle stiar, turveggar og løyper som er viktige for friluftsliv.

Adresseprosjektet: Det har vert lite framdrift i 2022. Tal vegadresser for kommunane i Sogn: 2022 - Aurland (82%), Høyanger (94%), Luster (97%), Lærdal (97%), Sogndal (96%), Vik (96%) og Årdal (97%).

Kompetanseheving:

- Sakshandsamarar og nye medarbeidarar har fått opplæring innan forvaltning av reguleringsplanar, vatn- og avløpskartdata, bruk av GIS-verktøy og KomTek- programvare.
- Fleire sakshandsamarar deltok på GIS-fagwebinarar.

Samarbeid:

- Representantar frå regionen har delteke på møte i FGU (Fylkesgeodatautvalet for Vestland), Plan- og temadatautvalet (PTU) og FDV-møte (Forvaltning-, drift- og vedlikehaldsavtaler) som regulerer det kontinuerlege ajourhald av felles kartdatabase (FKB). Den regulerer også drift, distribusjon, rettar og sal av basane.
- Norkart brukarmøte - plan og geodata 2022 og Norkart brukarforening sitt årsmøte
- Plan, bygg og geodata – Kommunal geomatikkonferanse 2022
- Eigedomskonferansen 2022

## 2.6 Samhandlingsarenaer

Sogn regionråd byggjer nettverk og samhandlingsarenaer og ønskjer å bidra til å styrka samarbeidet med næringsliv, utdanningsinstitusjonar, forskingsmiljø og organisasjonar. Møta i regionrådet er også arena for slik dialog og samhandling.

Dei sju formannskapa var samla to gonger i 2022: 4.-5. april i Balestrand og 21. september i Sogndal i samband med høgskulen sin regionaldag.

Føremålet med Sognatinget er å drøfta regionale utfordringar, forankra regionalt samarbeid og gje føringar til vidare arbeid. Tema på møte i april var regionalt samarbeid, samferdsle, kraft og reiseliv. I september var tema korleis vi kan påverke samfunnsutviklinga og folketalsutviklinga i regionen og høgskulen si rolle i regionen.

Innleiarar var næringsliv, samarbeidspartar, forskingsmiljø og utdanningsinstitusjonar.

Regionrådet møtte Stortingsbenken Sogn og Fjordane i august og drøfta samferdsleutfordringar, kommuneøkonomi og energiutfordringar.

## 2.7 Samarbeidsfora i Sogn regionråd

### Rådmannsgruppa

Rådmannsgruppa er eit forum for erfaringsutveksling og utviklar samarbeidet om kommunal forvaltning, administrative funksjonar og tenesteproduksjonen i regionen. Sogndal bidreg med administrativ støtte og Joakim Systaddal har vore administrativ ressurs i 20 prosent stilling for rådmannsgruppa. Stig Stark-Johansen, kommunedirektør i Årdal kommune, held fram som leiar i 2022. Gruppa hadde 3 møte og ein studietur til Nordfjordakademiet. Blant sakene har vore: Rekruttering og omdømmebygging, tenestesamarbeid og digitalisering innan helse og omsorg.

### Regionale nettverk

Regionale fagnettverk er arena for erfaringsutveksling og kompetanseheving for tilsette og leiarar i kommunane, og gir høve for å setja tema på dagsorden, informera om aktuelle saker og samhandla med eksterne aktørar. Fleire nettverk hadde digitale møte. Nettverka rapporterer om følgjande aktivitetar i 2022:

Namn på nettverk	Tema /saker	Deltakarar og leiar
<b>Helse- og omsorgsnettverk</b>	Høyringsuttale nasjonal helse og samhandlingsplan Revisjon prosedyre følgjepersonell frå kommunane Handlingsplan Helsefelleskapet i Sogn og Fjordane Alarmsentralen innhald i rammeavtale Digitalisering og velferdsteknologi Samarbeid mellom nettverket i Sogn og HVL Tal møte: 5	Helse- og omsorgsleiarar Leiar: Marit Reppen, Sogndal kommune
<b>HR-/personal-nettverk</b>	Debatthefta, heiltidskultur, sjukefråvær, HMT, rekruttering og omstillingsarbeid i kommunane Tal møte: 4 og ein 2-dagar samling	Personalleiarar/-medarbeidarar Leiar: Turid Stigen Sørensen, Aurland kommune
<b>Kompetanse-region Sogn</b>	Arbeid med kompetanseutvikling og rutinar innafor spesialpedagogisk område (kompetanseløftet). Utforming og gjennomføring av viktige samarbeidstema for leiarar og tilsette 2022, m.a. oppvekstreforma. Eksamen grunnskulen, utarbeide nye rutinar. Bruk av tilskotsmidlar til kompetanseutvikling barnehage. Regional og desentralisert kompetanseutvikling. Tal møte: 4 fysiske og 3 digitale møte.	Barnehage- og skulefagleg ansvarlege og programleiar for System for styrka læring. Leiar: Odd Einar Fimreite, Årdal kommune. Leiar representerer Sogn i ulike samarbeidsforum.
<b>Næringsnettverket</b>	Fellesprosjekta i næringsnettverket Sirkulærøkonomi Sogn for alle Kompetansebehov i arbeidslivet Tal møte: 4 møte	Næringsansvarlege, reiselivsdirektør, dagleg leiar i Sogn regionråd Leiar: Ingeborg Lysne, Lærdal kommune
<b>Plannettverket</b>	Tal møte: 1-2	Planleggjarar

		Leiar: Sogndal kommune
<b>Psykolognettverket</b>	Psykologfunksjonen i kommunane, forankring og samhandling med ulike fagprofesjonar. Fokus på samhandling mellom PPT og kommunal psykologteneste. Initiativ frå Sogndal kommune om utvida nettverk med større fagmiljø der Sogn næring vil fasilitere nettverkssamlingar Tal møte: 5	Kommunepsykologar Koordinator: Helge Ulvestad
<b>Oppmålingsgruppa</b>	Autorisasjon av eigedomslandmålarar Arbeidsrutiner Nytt eByggesøk E-Torg - Nettbutikk for digitale kart og byggesakstenester. Tal møte: 2	Landmålarar og GIS-koordinator i Sogn regionråd

## 2.8 Samarbeid i fylket

### Partnerskapsavtale

Samarbeidsavtalen Sogn regionråd hadde med fylkeskommunen varte ut 2019. Etter drøftingar om regionråda si rolle og samvirke i 2020 og 2021 vart det inngått partnerskapsavtale mellom Sogn regionråd og Vestland fylkeskommune for 2022-2023. Fylkeskommunen bidreg med kr 300 000 i årleg grunntilskot.

### Indre Vestland

Sogn regionråd, Hardangerrådet og Voss herad har tematisk samarbeid om felles interesser. To-dagar samlinga i mai i Balestrand handla om kraft, Grøn region Vestland og flyktningssituasjonen.

I november vart det arrangert webinar med alle formannskapa i Sogn, Hardanger og Voss om kraftsituasjonen, straumprisar og inntektssystemutvalet sin rapport.

Møte med Stortingsbenkane Sogn og Fjordane og Hordaland vart planlagt til oktober, men utsett til januar.

### Forum og råd

Sogn regionråd er representert i følgjande forum og råd:

- **Breibandforum.** Breibandforum tek initiativ, utviklar felles prosjekt og samordnar aktivitetar for utbygginga av breiband i fylket. Arnvid Hovland, Høyanger kommune er Sogn regionråd sin representant.
- **IT-forum Oppvekst og Utdanning.** Nettverket arbeider for å finna løysing for digitalt samarbeid på tvers av skulestega. Sogn regionråd sin representant er Jarle Christensen, Vik kommune.
- **Koordineringsrådet.** Koordineringsrådet i Helse Førde skal bidra til å utvikla og sikra kvaliteten på samarbeid og samhandling mellom partane. Gunn Lerøy, Lærdal kommune er Sogn regionråd sin representant.

## 2.9 Orienteringar og gjesteforedrag

I møta i Sogn regionråd har desse delteke med orienteringar:

- Terje Bakke Nævdal, konsernsjef Sognekraft AS

- Finn Olav Myhren, skogbrukssjef Skog i Sogn
- Jan Øhlckers, Vidsyn rådgiving AS
- Aslak Os, operativ leiar RSRK Leikanger og Endre Ytreland, regionleiar – region Vest Redningsselskapet
- Tor Yttri, prosjektleiar Sogndal skredsenter
- Gry Høyheim, dagleg leiar Vitemeir
- Tor Arne Ness, prosjektet Kaupanger sirkulære miljøpark
- Jeanette Walsvik, prosjektleiar Sogn for alle
- Stig Berg-Thomassen, Olav Svangstu og Kjartan Hove, Statens vegvesen
- Line Bjelde, prosjektleiar regionalt reiseliv, Sogn næring
- Trine Grøtnebø, prosjektleiar grønn næringsutvikling og teknologi og digitalisering, Årdal utvikling
- Joakim Systaddal, prosjektleiar Merkevarer og profilering, Sogndal kommune
- Maria Knagenhjelm, seniorrådgjevar, Statsforvaltaren i Vestland

## 2.10 Rapportar

Rapportar utarbeidd på oppdrag eller i samarbeid med Sogn regionråd:

- Regionalt reiseliv - forprosjekt, 25.10.2022 og prosjektplan masterplan fase 3, 12.9.2022
- Grønn næringsutvikling - forprosjekt, 24.10.2022
- Teknologi og digitalisering - forprosjekt, 24.10.2022
- Etableraropplæring Spire, 27.4.2022

## 2.11 Fråsegner

Sogn regionråd har gitt følgjande fråsegner og innspel:

- Uttale om straumprisane til Olje- og energidepartementet, 28.1.2022
- Årleg ruteendringsprosess 2022 - innspel til Vestland fylkeskommune v/ Skyss, 31.1.2022
- Utbetring av tunnelar - manglande strossing - uttale til Vestland fylkeskommune, 7.2.2022
- Grenseregulering av namsmannsdistrikt i Vest politidistrikt - sentralisering av namsmynd - til Vest politidistrikt, 18.2.2022
- Regional transportplan for Vestland 2022-2033 - fråsegn til investeringsprogrammet, 29. mars 2022
- Planprogram regional plan for fornybar energi 2022-2035 - til Vestland fylkeskommune, 28.4.2022
- Kompetanseforum Vestland - innspel til dimensjonering av utdanningstilbodet, 13. mai 2022
- Uttale til Opptaksutvalet, 31. mai 2022
- Berekraftig verdiskaping - innspel til årsplan 2022 frå Samarbeidsarena Sogn til Kompetanseforum Vestland, 1.6.2022
- Inntektssystemutvalet sitt framlegg til fordeling av kraftinntekter, 29.9.2022
- Uttale til statsbudsjettet om endring i rammene til husbanken, 1.11.2022
- Ny skredfaktormodell - innspel frå Sogn regionråd, 4.11.2022
- Oppgradering av Lærdalstunnelen, 12.12.2022

## 2.12 Omdanning av regionrådet

Sogn regionråd er i dag organisert etter tidlegare kommunelov § 27 og må omdannast i samsvar med gjeldande kommunelov i løpet av kommunestyreperioden. I desember 2021 vart det etablert ei politisk arbeidsgruppe som i løpet av våren 2022 drøfta samarbeidsavtalen for interkommunalt politisk råd. Gjeldande vedtekter i regionrådet vil bli erstatta av samarbeidsavtalen for det politiske rådet. Rådmannsgruppa har drøfta oppgåver og organisering av tenestesamarbeidet. Grensesnittet mellom tenestesamarbeid og samfunnsutvikling vil bli drøfta som grunnlag for sortering av samarbeidsområda.

## 3 Rekneskap

### 3.1 Rekneskapsoversikt

Økonomisk oversikt - drift	2022 Regnskap	2022 Rev. budsjett	2022 Oppr.budsj	2021 Regnskap
<b>Driftsinntekter</b>				
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	-2 083 967	-2 128 000	-4 407 500	-2 045 940
710 SYKELØNNSREFUSJON	-53 749	0	0	-112 832
729 KOMPENSASJON MOMS PÅLØPT I DRIFTSREGNSKAPET	-359 162	0	0	-277 718
730 REFUSJON FRA FYLKESKOMMUNER	-3 000	0	0	-600
750 REFUSJON FRA KOMMUNER	-6 111 926	-6 296 000	-4 974 845	-4 999 687
770 REFUSJON FRA ANDRE (PRIVATE)	-9 955	0	0	-15 860
780 REFUSJON FRA FORETAK OG BEDRIFTER SOM FØRER SÆRREGNSKAP)	-177 233	-181 000	-181 000	-170 480
830 OVERFØRING FRA FYLKESKOMMUNER	-1 030 000	-1 120 000	-1 370 000	-620 000
850 OVERFØRING FRA KOMMUNER	-90 000	0	0	0
890 OVERFØRINGER FRA ANDRE (PRIVATE)	-30 000	0	0	-18 000
7 Brukerbetalinger	0	0	0	-10 800
<b>9 Sum driftsinntekter</b>	<b>-9 948 992</b>	<b>-9 725 000</b>	<b>-10 933 345</b>	<b>-8 271 917</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
10 Lønnsutgifter	2 562 617	2 486 000	2 250 134	1 907 283
11 Sosiale utgifter	601 713	521 500	626 917	693 656
12 Kjøp av varer og tjenester	2 999 058	3 732 300	4 744 500	2 168 939
13 Overføringer og tilskudd til andre	2 738 940	3 873 000	4 943 000	2 676 915
<b>15 Sum driftsutgifter</b>	<b>8 902 328</b>	<b>10 612 800</b>	<b>12 564 551</b>	<b>7 446 793</b>
<b>16 Brutto driftsresultat</b>	<b>-1 046 664</b>	<b>887 800</b>	<b>1 631 206</b>	<b>-825 124</b>
<b>Finansinntekter</b>				
17 Renteinntekter	-201 504	0	90 000	-54 203
20 Renteutgifter	45	0	0	0
22 Netto finansutgifter	-201 459	0	90 000	0
23 Motpost avskrivninger	0	0	0	0
<b>24 Netto driftsresultat</b>	<b>-1 248 123</b>	<b>-887 800</b>	<b>1 811 206</b>	<b>-879 327</b>
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</b>				
26 Avsetninger til bundne driftsfond*	2 794 611	1 050 000	100 000	2 183 348
27 Bruk av bundne driftsfond	-1 546 488	-1 937 999	-1 641 205	-1 304 021
<b>Sum avsetning og bruk av fond</b>	<b>1 248 123</b>	<b>-887 999</b>	<b>-1 541 205</b>	<b>879 327</b>
32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-0	199	-1	0

Oversikt over fond Sogn regionråd		31.12.2021	31.12.2022
251 080 193	Sogn regionråd - Kompetanseløftet	0	-489 726
251 080 194	Sogn regionråd - Samferdsle	0	-870 000
251 080 816	Sogn regionråd - Diverse prosjekt	-593 315	-1 645 609
251 080 818	Sogn regionråd - barnevern	-17 517	-17 517
251 080 819	Sogn regionråd - barnehage	-1 600 166	-1 891 226
251 080 820	Sogn regionråd - skule	-1 236 421	-656 645
251 080 821	Sogn regionråd - Skule fagnettverk	-432 044	-402 044
251 080 822	Sogn regionråd - kontigent	-476 226	-382 610
251 080 823	Sogn regionråd - psykolog folkehelse	-483 818	-483 818
251 080 824	Sogn regionråd - Lærlingmiljøprosjektet	-396 015	-338 018
251 080 825	Sogn regionråd - Helse	0	-120 000
251 080 826	Sogn regionråd - IKT	-88 104	-88 104
251 080 850	Sogn regionråd-Psykolognettverk	-147 838	-112 670
251 080 851	Sogn regionråd-Vaksenopplæring	-252 876	-252 876
251 080 852	Sogn regionråd-Sogn for alle	-508 353	-262 663
251 080 853	Sogn regionråd- Mentorprogram	-252 206	-331 942
251 080 854	Sogn regionråd-Sognaloop	-734 310	-199 565
251 080 855	Sogn regionråd-Etableraropplæring	-100 000	7 700

### 3.2 Bruk av fond

Det står kr 7 592 113 på fond pr 31.12.2022.

1. Kompetanseløftet: Unytta midlar kr 489 726 er midlar frå Statsforvaltaren som er sett av til bruk i 2023
2. Samferdsle: Avsette midlar kr 870 000 til samferdsleprosjektet er sett av til bruk i 2023
3. Diverse prosjekt: Kr 1 645 609 er unytta utviklingsmidlar frå fylkeskommunen og kommunane. Renteinntekter av fondsmidlar er sett av.
4. Barnevern: Det står att kr 17 517 som kan nyttast til barnevern til dømes kompetanseutvikling.
5. Barnehage: Unytta eksterne midlar mellom anna frå Statsforvaltaren til kompetanse og utvikling kr 1 891 226 er sett på fond.
6. Skule: Unytta midlar frå det regionale utviklingsprogrammet kr 656 645 er sett av på fond.
7. Fagnettverk: Unytta midlar frå fagnettverka utgjør kr 432 044 og er i hovudsak kontigentmidlar.
8. Kontingent: Unytta kontigentmidlar på kr 382 610 er sett på fond.
9. Psykolog folkehelse: Unytta midlar frå direktoratet til psykologstilling kr 483 818 står på fond.
10. Læringsmiljøprosjektet: Unytta midlar frå Fylkesmannen kr 338 018 er sett av på fond og skal gå til vidare arbeid knytta til inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBOS).



10. IKT: Unytta midlar kr 88 104 er sett på fond og kan dekke medlemskap eller gå til kurs innan IKT.
11. Psykolognettverk: Unytta midlar kr 112 670 er fornyingsmidlar som er sett av på fond til bruk til det regionale nettverket og koordinatorfunksjonen.
12. Vaksenopplæringa: Unytta midlar kr 252 876 er sett på fond til bruk til aktivitetar.
13. Sogn for alle: Unytta midlar til prosjektet Sogn for alle kr 262 663 er sett av på fond.
14. Mentorprogrammet: Unytta midlar frå fylkeskommunen til mentorprogrammet kr 331 942 er sett av på fond til aktivitetane i 2023.
15. Sognalooop: Unytta midlar kr 199 565 er sett av for bruk i 2023



Sogn regionråd  
Postboks 153, 6851 Sogndal  
Telefon: 57 65 25 60  
E-post: [postmottak@sogndal.kommune.no](mailto:postmottak@sogndal.kommune.no)  
[www.sogn.regionraad.no](http://www.sogn.regionraad.no)



Aurland  
kommune



Høyanger  
kommune



Luster  
kommune



Lærdal  
kommune



Sogndal  
kommune



Vik  
kommune



Årdal  
kommune